



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Anne Eli Wangen, 5764 3165

Kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskot 2020

Tilskot til kompetanseheving og innovasjon for å stimulere kommunane til å møte framtidens utfordringar på helse- og omsorgsfeltet med berekraftige og gode tiltak og tenester.

Søknadsfrist: 22. mars 2020

Kven som kan søkje:

Kommunar og fylkeskommunar kan søkje om midlar til kompetanseutvikling, opplæringstilskot knytt til brukarstyrt personleg assistanse og innovasjonsprosjekt.

Kommunar kan gjerne søkje i samarbeid med andre kommunar, helseføretak, næringsliv, frivillig sektor eller andre aktørar.

Høgskular og universitet kan søkje om midlar til etablering av desentraliserte utdanningar, digitale plattformer eller andre utdanningstilbod til personell i kommunar med lang reiseavstand til utdanningsinstitusjon.

Beløp som skal fordelast i Vestland fylke: Ikkje avklart enno.

Statsbudsjettreferanse: kapittel 761, post 68, Helse- og omsorgsdepartementet

Målet for ordninga

Hovudmål:

Stimulere kommunane til kompetanseutvikling og innovasjon for å møte framtidens utfordringar på helse- og omsorgsfeltet med berekraftige og gode tiltak og tenester.

Delmål:

- auka kompetanse for å utvikle god praksis og sikre gode og trygge tenester tilpassa den einskilde sitt behov
- sterkare brukarmedverknad og betre samspel med pårørande, frivillige og lokalsamfunnet
- førebyggje og utsetje behov for kompensierende tenester og bidra til at brukarane opprettheld eller gjenvinn funksjonsevne og sjølvstende

E-postadresse:

fmvlpost@fylkesmannen.no

Sikker melding:

www.fylkesmannen.no/melding

Postadresse:

Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:

Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00

www.fylkesmannen.no/vl

Org.nr. 974 760 665



- styrka leiarkompetanse, fagutvikling, større fagleg breidde, tilstrekkeleg, kompetent og stabil bemanning

Målgrupper

Primærmålgruppa er leiarar, tilsette og personar som kan rekrutterast til å jobbe i helse- og omsorgstenesta, inklusive psykisk helse- og rustenester.

Sekundærmålgruppa er brukarar av dei kommunale helse- og omsorgstenestene, inklusive psykisk helse- og rustenester og deira pårørande.

Midlane skal fordelast på tre hovudmål med følgjande prioritering:

- **Kompetansetiltak (grunn-, vidare- og etterutdanning)**

Vidareutdanning av sjukepleiarar, andre høgskuleutdanningar, vidareutdanning innan ernæring og palliasjon vert prioritert. Grunn-, etter- og vidareutdanning av tilsette- og kompetansetiltak om rus og psykisk helse vert også prioritert. Tilskotet omfattar rettleiingstenester i samband med spesialisering av psykologar i den kommunale helse- og omsorgstenesta.

Tilskot til korte interne opplæringstiltak, kurs, seminar og liknande vert prioritert i mindre grad. Unntak er statlege satsingar som f.eks. ABC- opplæringsprogram og liknande.

I tråd med krav i *Forskrift om kvalitet og ledelse* skal leiinga i kommunane mellom anna vurdere behov for kompetanse blant tilsette for å kunne løyse oppgåvene i tenestene. **Vi ber kommunane om å sende kompetanseplan i samband med søknad om tilskot.**

Fylkesmannen vil sjå tildelinga av tilskotsmidlar i samanheng med kommunanes arbeid med langsiktig og heilskapleg planlegging knytt til kapasitet, kompetanse og kvalitet i tenestene for å møte dei demografiske utfordringane i framtida, og at rekruttering og kompetanseplanlegging på helse- og omsorgsområdet er ein sentral del av kommunanes samfunnsplanarbeid.

- **BPA**

Tilskotet skal bidra til opplæring av arbeidsleiarar, assistentar og saksbehandlarar. Personar som ikkje tidlegare har fått opplæring bør prioriterast. Opplæringsbehov innan BPA må sjåast i samanheng med kommunen sin kompetanseplan. Opplæring knytt til BPA er eit prioritert tiltak.

- **Innovasjonsprosjekt**

Innovasjonsprosjekta skal bidra til innovasjon og utvikling av nye metodar for førebygging og tidleg innsats, eigenmeistring, fritidsaktivitet med assistanse, kulturopplevingar, ernæring, legemiddelhandtering, rehabilitering og habilitering og samspel med pårørande og frivillige i omsorgssektoren generelt og i demensomsorga spesielt. Tiltak som har innovasjonsfellesskap med næringsliv og/eller utdannings- og forskingsinstitusjonar skal ha eit fortrinn.

Innovasjons- og kompetansetilskotet skal sjåast i samanheng med Kommunal- og moderniseringsdepartementets skjønntilskot, som også kan brukast til kommunal innovasjon og utvikling.

Korleis søkje



[Søknadsskjema](#) som skal nyttas av alle som søker om tilskot finn de på nettsida til Fylkesmannen. De finn også informasjon om ordninga, regelverk for ordninga, og rapporteringsskjema på [Fylkesmannen.no](http://fylkesmannen.no)

Søknaden blir å sende elektronisk til Fylkesmannens postadresse: fmvlpost@fylkesmannen.no

Andre opplysningar

Det vert som hovudregel lagt til grunn ein kommunal eigendel. Dersom kommunen mottok andre statlege tilskot der det er lagt inn ein føresetnad om kommunal eigendel, skal tilskotsmidlane ikkje brukast til å dekke denne kostnaden.

Senter for omsorgsforskning, Høgskulen i Gjøvik har fått i oppdrag å vere dokumentasjonssenter for innovasjonsprosjekta.

Rapportering på motteke tilskot

Kommunane skal rapportere til Fylkesmannen innan 22. mars 2020 for midlar som vart tildelt i 2019. [Rapporteringsskjema](#) (eit word- og eit excel skjema) og [rettleiing til rapporteringa](#) finn de under tilskotsordninga på Fylkesmannens nettside. Frist for rapportering av motteke tilskot for 2020 vil gå fram av tildelingsbrevet.

Nye kommunar har ansvar for å oppfylle krava som er stilt i tilskotsbrevet og i regelverket for ordninga for dei kommunane som er slått saman. Det skal rapporterast særskilt for kvar av kommunane som er slått saman og som har motteke tilskot. Dersom nokon av kommunane som er slått saman mottok tilskot til prosjekt som vert vidareført til den nye kommunen til bruk i 2020, skal bruken av desse midlane rapporterast om innan utgangen av 2020.

Revisorkontroll (vilkår for tilskot):

Rekneskap skal reviderast av registrert revisor, statsautorisert revisor eller oppdragsansvarleg kommunerevisor (jf. § 11 i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar) i samsvar med Den norske revisorforeninga sin standard ISA 805 "Særlige hensyn ved revisjon av enkeltstående regnskapsoppstillingar og spesifikke elementer, kontoer eller poster i en regnskapsoppstilling".

Tilskotsmottakar må gje revisor ein kopi av tilskotsbrevet før revisorkontroll. Det er krav om revisorkontroll for innvilga samla tilskot frå kr. 200 000,00 og over per år.

Regelverk:

Regelverket for ordninga finn de på Fylkesmannens og Helsedirektoratets nettside.

<https://www.fylkesmannen.no/vestland/tilskot/2020/03/kommunalt-kompetans--og-innovasjonstilskot-2020/>

<https://www.helsedirektoratet.no/tilskudd/kommunalt-kompetanse-og-innovasjonstilskudd>

Med helsing

Linda Svori
Ass. fylkeslege /seksjonsleiar

Anne Eli Wangen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Mottakerliste:

Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Vaksdal kommune	Konsul Jepsensgata 16	5722	DALEKVAM
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Stad kommune	Kommunehuset	6740	SELJE
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Luster kommune	Rådhuset	6868	GAUPNE
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Årdal kommune	Postboks 40	6881	ÅRDALSTANGEN
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Osterøy kommune	Rådhuset	5282	LONEVÅG
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Alver kommune	Havnevegen 41 A	5918	FREKHAUG



Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE